



ne håpar å bli ferdige med to rekkjer med bord a. Bakkejekta skal til slutt ha åtte bord.

PJÅL: Ein pjål er forløparen til dagens høvel. Med minimal støtte og avrunda jarn, kan båtbyggjarane forme treverket på ein måte som er moderne høvlar heilt overlegen.

FORM:
Anders
Gierlsen frå
Hardanger
Fartøyvern-
senter (HFS)
nyttar pjål
for å forme
treverket.

EJALER

Hilde Genberg
hilde.genberg@firda.no



Det tek tid å hogge og høvle ein halv trestamme av gongen til bord som passar perfekt inn i resten av treverket. Og sjølv om fleire er erfarne båtbyggjarar, har dei aldri før laga ei bakkejekt.

For å få realisert draumen om å lage ein kopi av sunnfjordjekta som vart laga på Bakke i Holmedal tidleg på 1700-talet, har Jensbua nytt godt av samarbeid med Hardanger Fartøyvern-senter og andre fagfolk, i tillegg til fleire dugnadsarbeidarar.

Rask

Ifølgje Ove Losnegård skal bakkejekta vere reine speidbåten. Med god vind skal originalen, fullasta med varer, menneske og dyr, ha hatt ei gjennomsnittsfart på ti knop frå Holmedal til Bergen.

Den vart brukt i fjordfart for å frakte dyr på beite og varer til og frå Bergen fram til starten på 1900-talet. No står den utstilt på Kystmuseet i Florø, der båtbyggjarane ofte tek turen for å ta mål og samanlikne med kopien dei er i ferd med å forme.

– Det vanskelegaste er over no, trur Losnegård. Kjolen vart strekt tidlegare i år, og denne veka blir dei truleg ferdige med to av åtte rekkjer med bord.

– Men vi veit aldri om det vil dukke opp vanskar.

Pjålar

Øksa har vore eit vesentleg arbeidsreiskap for å omskape tjukke furustammer frå Gaular til slankt dreia jektebord. Så tek finhovlinga til, og då har pjålane vore til uvurderleg hjelp. Ein pjål er forløparen til dagens høvel. Med minimal støtte og avrunda jarn, kan båtbyggjarane forme treverket på ein måte som er moderne høvlar heilt overlegen.

– Her er originalpjålen som tippoldefaren min laga, seier Roald Renmælmo.

Han har teke turen heilt frå Målselv, for å hjelpe til med sin fagkunnskap i trekloyving og gammalt handverk generelt.

– Eg har laga nye pjålar i samarbeid med ein smed i Mosjøen. Dette er truleg første gong sidan krigen at nokon har brukt pjålar til båtbygging, fortel Renmælmo entusiastisk.

Halvvegs i finansieringa

Før jul håpar Losnegård å tromme saman Jensbuas hjelparar til ei ny vekesøkt.

– Så er det om å gjere å få gjort så mykje som mogleg tidleg på året neste år, for båtfolk plar bli opptekne når det nærmar seg sommaren, seier Losnegård.

Håpet er å få båten på sjøen til sommaren, men for å greie det treng Jensbua ikkje berre gode praktiske hjelparar: dei treng pengar.

– Vi er halvvegs i finansieringa. Vi reknar med at prosjektet vil koste drygt 900 000 kroner, seier Losnegård.

Bakkejekta tek form